



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155

Uttale - oppstartsmelding - Kvinnherad 81/211m.fl. - Årsnes industriområde - detaljregulering - plan-id 20210005

Vi viser til brev frå Kvinnherad kommune av 20.06.2025. Saka gjeld melding om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentleg høyring – Detaljregulering for Årsnes Industriområde, 81/211 m. fl. PlanID 20210005.

Detaljreguleringa sitt hovudføremål er å legge til rette for utvikling av industriområdet på Årsnes. Kommunen viser til at det er stor etterspørsel etter næringsareal til sjø i regionen. Det er ønske om å etablere ei klynge med havbruksaktørar i området, og elles industri som er komplementær til Årsnes sør. Området kan òg vera aktuelt i høve riggplass for større kraftutbygging, lagerhall etc. I tillegg er det mange aktørar som har vore i kontakt med kommunen om høve til etablering her, tilknytt djupvasskai, lager-/logistikk-operasjonar, entreprenørverksemder, riggområde og resirkuleringsanlegg for byggmateriale.


Det er vurdert at planen vil utløyse krav om konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta, og der ein etter ei samla vurdering kjem til at planen fell inn under konsekvensforskrifta § 6b, planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. Følgjande tema er vurdert relevante å konsekvensutgreie etter KU-tema:

- Naturmangfald på land og ev. i sjø (innhenting av ny kunnskap)
- Landskap
- Samferdsle
- Ferdsle på sjø, inkl. ferjetrafikk

Andre aktuelle fagtema som friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, fiskeriinteresser og ROS-analyse etc. vil verte del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3.



Planområdet



Kommuneplan og omriss av planområdet



Statsforvaltaren sine merknader

For Statsforvaltaren er det viktig at ein i planlegginga varetek viktige statlege omsyn. Vi vil særleg peike på følgjande tema knytt til planforslaget:

Naturmangfald

Det må gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12, jf. nml. § 7. Utgreiingar og feltundersøkingar av naturmangfald skal følgje offentleg metodikk og skal utførast av personar med relevant fagleg kompetanse, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 17. Sjå til dømes rettleiar frå Miljødirektoratet M-1324-2019 og rettleiar M-1941 for tema som gjeld klima og miljø i konsekvensutgreiingar.

Strandsone og vassdrag

Forvaltninga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Strandsoneforvaltninga skal bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FN sine berekraftsmål. Etter lova skal ein i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag særleg ta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jf. pbl. § 1-8. Førarbeida legg til grunn at dette også gjeld ved utarbeiding av planar. Vi føreset at også statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø (FOR-2021-05-21-1563) blir lagt til grunn for planarbeidet.

Årneselva renn gjennom planområdet. Det er viktig å sikre at ferskvassorganismar forvaltast i samsvar med naturmangfaldlova slik at naturens mangfald og produktivitet bevarast jf. lakse- og innlandsfiskeleva § 1. Omsynet til fiskeinteressene og ivaretaking av fisken og andre ferskvassorganismar sine økologiske funksjonsområder skal innpassast i planar etter plan- og bygningslova i kommune og fylke (§ 7).

Langs alle vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit naturleg belte av kantvegetasjon, jf. vassressurslova § 11. Planforslaget må ta omsyn til eksisterande kantvegetasjon langs vassdraget og ivareta dette vegetasjonsbeltet.

Planforslaget må gjere greie for verknaden av planen for vassmiljøkvaliteten. Vi viser til at vassforskrifta § 12 skal vurderast ved enkeltvedtak, om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst kan føre til at miljømåla etter vassforskrifta ikkje blir nådd eller at tilstanden i vassførekomsten blir forringa.

Masseutfylling i sjø

Dersom det blir lagt opp til utfylling av massar i sjø er det viktig å avklare kva type massar som skal nyttast, konstruksjonsmetode (t.d. betong-fundamentering), konkret arealavgrensing, omfang av areal i sjøområdet (m²) og mengde massar (m³). Tiltak som utfylling i sjø kan føre til miljøulemper som spreiding av miljøgifter, partiklar, slam og avfall og forstyrring eller fysiske skadar på naturverdiar. Dersom det er aktuelt med utfylling i sjøområdet må tiltakshavar sørge for nødvendig løyve til dette. Konsekvensutgreiinga må gjere greie for verknaden for viktige tema som naturmangfald, friluftsliv i sjø og allmenne interesser i samband med eventuell utfylling av massar i sjøområdet.

Støy

Det er opplyst at at støy ikkje er eit aktuelt utgreiingstema, då det ikkje er planlagt for støyfølsam busetnad eller støyande anlegg som omtalt i T-1442. Vidare at det ikkje vil bli planlagt hamn og fasilitetar for store fartøy med tilhøyrande støy, lys etc. på dette arealet. Statsforvaltaren meiner det er utfordrande at bruk av areala ikkje er definert klårt. All den tid det dreier seg om regulering av eit industriområde, må støy likevel være eit tema i planen. Vi viser i denne samanheng til at det er



bustader tett på industriområdet. Eit industriområde må påreknast å ha støyande verksemd, slik at når ein regulerer for denne type verksemd, må støytilhøva vurderast av fagkunnige. Støygrensar og krav må regulerast i føresegna. Manglande eller mangelfull støyutgreiing vil kunne føre til statleg motsegn til planen, jamfør T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis* (revisjon mai 2025) punkt 3.1.

Landskap

Planar skal bidra til å sikre kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap, jf. pbl. § 3-1 bokstav b. Planområdet ligg i eit område med landskap av stor verdi jamfør *Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke*, med utgangspunkt i *Nasjonalt referansesystem for landskap* (Aurland Naturverkstad AS 2011). Det er difor viktig at omsyn til landskapsverknader vert vurdert og vektlagt i planarbeidet. Verknader for landskap er ein relevant del av avgjerla. Visualisering av tiltaket med både fjern- og nærperspektiv vert difor ein viktig del av arbeidet. Omfanget og konsekvensar av terrenginngrep må skildrast. Det må gjennomførast ei landskapsfagleg vurdering av korleis tiltaket vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi i landskapet. Estetikk og utforming av bygg og teknisk infrastruktur må skildrast nærare. Dersom det er aktuelt med intern veg i planområdet må det gjerast greie for omfang og plassering av tiltaket i forslag til plan og føresegner

Barn og unges interesser

Omsynet til barn og unge må varetakast i planen. Det er mellom anna fleire bustader i området rundt. Det følgjer mellom anna av *rikspolitisk retningsline for barn og unge* og rundskriv T-2/08 at kommunen skal vurdere konsekvensar for barn og unge i all planlegging. Når det vert planlagt for areal der barn og unge skal ferdast må det mellom anna leggjast til rette for trygge vegar for barn og unge. Dette gjeld òg trygg skuleveg. Utviding av næringsverksemda vil truleg medføre meir og tyngre trafikk på vegar med dei ulempene for samfunnet dette medfører.

Når det gjeld krav til fysisk utforming viser vi til kap. 5 i Statlege planretningslinjer for barn og planlegging: «*Arealer og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare.*» I Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet heiter det at «*planlegging skal ivareta trafikksikkerhet for alle trafikantgrupper, spesielt gående og syklende, og særskilt sikre trygg skulevei*» (punkt 3.12 trafikksikkerhet). Verknader av planforslaget for barn og unge i planområdet og i nærområdet utanfor planområdet må synleggjerast, og omsynet til barn og unge må sikrast i planen.

ROS-analyse

Kommunane skal mellom anna fremje samfunnstryggleik i planlegginga si. Plan- og bygningslova § 4-3 stiller difor krav om ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit, m.a. gjennom bruk av omsynssoner i plankartet med tilhøyrande krav i planføresegnene.

ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har betydning for om arealet er eigna til utbygging eller ikkje, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. For andre tema må kommunen sjølv ta stilling til kva som er akseptabel risiko og både gjere greie for og grunngje dette valet. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Vi legg til elles grunn at planarbeidet tek omsyn til relevante statlege og regionale rammer og føringar.



Med helsing

Sara Kvåle Skouen
konst. seksjonsleiar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent